

Nr 3 - 2021

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen

**Frå Undheim til
Trøndelag**
side 4 - 5

**Karen
Taksdal
100 år
side 6 - 7**

**Ull er
ikkje tull
side 10 - 12**

**Knudahei-
marsj i 40 år
side 13 - 14**



Tankar i tida

Også denne sommaren har eg gått pilegrim saman med Tordis og eit vennepar. 11 dagar frå Hjerkinn til Nidaros – vel 200 kilometer i vakkert landskap – ikkje alltid like lett. Nokre etappar var både dryge og krevjande. Men vi kom fram til fastsett tid.

Det er underleg å kjenne på gleda det er å vandre i det norske og storlåtte landskapet og kjenne på den rike naturen anten det er på snaufjellet der vinden tek tak eller langs bølgande kornåkrar og i mektige skogsområde.

Sjølv om sekken kan kjennast tung, er det likevel takksemd som fyller sinnet – det er ei gave å vandre, anten det er i stille eller i gode samtalar langs pilegrimsvegen.

Kvar vandringsdag stoppa vi opp og delte tankar rundt pilegrimsvandringa.

Vi vart utfordra på tema som langsomhet – frihet – enkelhet – bekymringsløshet – stillhet – fellesskap – åndelighet (frå Ulla Käll si bok «Pilegrim – langs veien og ved kjøkkenbordet»). Tankane frå boka tok vi med oss vidare i stille vandring, bønn og ettertanke – ein rikdom som vi tok med oss gjennom heile turen. Og samstundes er det viktige tankar som vi ber vidare med oss inn i nye dagar.

Ein anna rikdom på vandringsvegen er alle møta med nye menneske. Gjennom samtalar der vi delte ulike erfaringar fekk vi nye kjennskap og vennskap – også det ein rikdom som følgjer oss vidare.

Så er det ikkje vanskeleg å leve seg inn i Søren Kierkegaard sine tankar om det å gå. Til meir vi går, til større vert gleda ved å gå. Ofte blir det rom for lange stunder i stille vandring der tanken får rikeleg med rom til det Kierkegaard kallar «Jeg går meg til mine beste tanker».

Og slik kan vi halde fram steg for steg på nye stiar, anten det er her til lands eller på eldgamle pilegrimsvegar. Men også like utanfor mi eiga stovedør. Her er det også rom for å gå «meg til det daglige velbefinnende.»

God vandring.

*«Tap for all del ikke
lysten til å gå.
Jeg går meg til det daglige
velbefinnende hver dag,
og fra enhver sykdom.
Jeg går meg til mine
beste tanker,
og jeg kjenner at ikke
en tanke er så tung
at jeg ikke kan gå fra den.
Når man slik fortsetter å gå,
så går det nok.»*

Søren Kierkegaard

Steinar Sandvik

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
GRAFISK UTFORMING:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Nordbrønd
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto: fra Pixabay.com
Framsidefoto: Heile familien er kledd i sørsamisk drakt. Framme frå venstre: Samuel (11) og Elle Stina (9). Bak frå venstre: Ellen Sara Reiten Bientie, Hilje Isak (2) og Ole Thomas Bientie Reiten. (Privat foto)



Min sang

Så länge skutan kan gå, så länge hjärtat kan slå
Så länge solen, den glittrar på böljorna blå

Om blott endag eller två, så håll tillgodo ändå
För det finns många som aldrig en ljusglimt kan få

Och vem har sagt att just du kom till världen
För att få solsken och lycka på färden?
Att under stjärnornas glans, bli purrad uti en skans
Att få en kyss eller två i en yrande dans?

Ja, vem har sagt att just du ska ha hörsel och syn?
Höra böljornas brus och kunna sjunga
Och vem har sagt att just du ska ha bästa menyn?
Och som fågeln på vågorna gunga

Och vid motorernas gång och ifall vakten blir lång
Så minns att snart klämtar klockan för dig,
ding, ding, dong

Så länge skutan kan gå, så länge hjärtat kan slå
Så länge solen, den glittrar på böljorna blå
Så tag med glädje ditt jobb fast du glider
Snart får du vila för eviga tider!

Men inte hindrar det alls att du är glad och ger hals
Så kläm nu i men en verkligt sju-sjungande vals

Det är en rasande tur att du lever, min vän
Och kan valsa omkring uti Havanna
Om pengarna tagit slut, gå till sjöss om igen
Med karibiens passadvind kring pannan

Klara jobbet med glans, gå iland någonstans
Ta en kyss eller två i en yrande dans

Så länge skutan kan gå, så länge hjärtat kan slå
Så länge solen, den glittrar på böljorna blå

Sommeren er tilbakelagt, og min sang i denne årstiden er et selvfølgelig valg. Sangen «Så länge skutan kan gå», som Evert Taube skrev tekst og melodi til i 1950-årene, har i mange, mange år blitt sunget som inngangssalme på brygge-gudstjenesten i Nevlunghavn, så også i år. Her samles mange hundre mennesker, både fastboende og turister, for å feire gudstjeneste en søndag i juli.

Teksten kan ved første øyekast se utsom en enkel sjømannssang, men rommer de store livsspørsmålene, og den får meg til å tenke på hvor mye det er å være takknemlig for. Takknemlig for å kunne se, høre og oppleve de daglige tingene som lett kan bli en selvfølge. Gjennom hele gudstjenesten høres både måkeskrik og bølgeskvulp som «bakgrunnsmusikk».

«Ja, hvem har sagt deg at du skal ha hörsel og syn
Og at livet skal holde hva det lover
Og hvem har sagt at det beste som står på menyen
Skal bli ditt til seilasen er over?»
Slik står det i den norske oversettelsen til Erik Bye.

Vi er i Guds oppmerksomhet, han vil oss vel og han har omsorg for alt han har skapt. I Salme 23 kan vi lese «Herren er min hyrde, jeg mangler ikke noe.» I dag kan vi be om visdom til å se hva vi har, og ikke hva vi mangler.

Laila Undheim

FRÅ UNDHEIM TIL TRØNDELAG.

OLE THOMAS REITEN (36) FLYTTA TIL OSLO ETTER VIDAREGÅANDE. NO ER han SOKNEPREST I BJUGN I ØRLAND KOMMUNE

Tekst: Steinar Sandvik

– I 2014 flytta eg og familien til Bjugn i Ørland kommune, fortel Ole Thomas Bientie Reiten som har føya kona Ellen Sara sitt familienamn Bientie til sitt namn. Samstundes har ektefellen teke Reiten som sitt mellomnamn.

Og her har familien med dei tre barna Samuel (11), Elle Stina (9) og Hilje Isak (2) budd sidan. Ole Thomas vart tilsett som kapellan i 2014. I 2017 vart han sokneprest i Bjugn.

VAR SOMMARVIKAR

– Korleis hamna du i Bjugn?
– Som prestestudent i 2010 var eg sommarvikar her. Og det var her Samuel vart fødd. Eg skulle ha gravferd, sorgesamtalen var unnagjort medan kynnarane vart sterkare og sterkare hos Ellen Sara. Minneorda klarte eg å skrive før det var rake vegen til sjukehuset. Gravferda måtte ein vikarprest ta seg av.

KRON OG MYNT

I 2013 vart det lyst ut kapellanstilling i Bjugn.

– Eg søkte og fekk tilbod om jobben. Vi kasta kron og mynt, eit godt bibelsk prinsipp, og dermed hamna vi her, smiler Ole Thomas og legg til at dei trivst godt i Trøndelag.

Ole Thomas fortel at han har ansvar for fire kyrkjer og eit kapell på ei øy. Då treng presten båtskyss for å halde gudsteneste, men det

er berre tre gonger i året. Ingen av kyrkjene ligg i sentrum. Dei var plasserte slik at folk kunne kome sjøvegen til kyrkja.

KJØPTE PRESTBUSTAD

I tillegg har han og familien også ansvar for eige hus. I 2017 kjøpte dei den gamle sokneprestbustaden, og der trivst dei godt.

– Vi kjenner oss bufaste her akkurat no, og vi kjenner at her skal vi bu no. Før var det meir vanleg at prestar flytta på seg.

– Eg trur på ein Gud som leier oss gjennom livet, og eg trur at Han seier tydeleg frå dersom tida er inne for å flytte på seg. Samstundes bur eg saman med fire andre, som også har sitt dei skulle ha sagt. Eg trur også at Gud høyrer på dei, seier Ole Thomas med eit smil.



Ole Thomas Bientie Reiten er sokneprest i Bjugn. Han kjenner at han er på rett plass. (privat foto)

TYDELEG KALL

– Kvifor prest?

– Eg starta på musikk, men det var ikkje meg. For meg var det viktig å få stadfesta valet mitt. Svigerfar som er prest, var eit førebilete for meg. Mange av medstudentane mine på Menighetsfakultetet var usikre på yrkesvalet, men mitt yrkesval var klart frå første studiedag. For meg var kallet prest, seier Ole Thomas.

FOLKEKYRKJE

Ole Thomas opplever at det er noko heilt anna å vere prest i Bjugn enn heime på Jæren.

– Her er det snakk om folkekyrkja.

Det å vere prest er å vere til stades i folk sine liv. Det er eit heilt anna liv enn det eg var vant med, eg som er oppvaksen i det vi kan kalle kjerna i kyrkjelyden. Her er gravferd, vigslle og faste og meir tilfeldige samtalar på butikken viktige stadar for å byggje kyrkjelyd. Difor vert det ei utfordring å tenkje kva det er i forteljinga om Jesus som samfunnet her famnar, og det er ei stadig øving for meg å tenkje at det faktisk er Gud, og ikkje eg, som byggjer Guds rike. For meg er det både lærerikt og utfordrande. Men eg trivst med den utfordringa og kjenner meg

heime i dette samfunnet.

RYGGRAD

– Kva har du teke med deg frå oppveksten her på Undheim?

– Undheim er heilt unik for meg, og det var ein god plass å vekse opp. Eg ser at oppveksten på Undheim har gitt meg gode verdiar, og det var mange vaksne i nærleiken.

– Undheim har gitt meg ei god ryggrad. Minnet frå heimbygda er utan tvil noko godt som eg vil bere med meg, seier Ole Thomas Bientie Reiten.

NYTT FRÅ SOKNERÅD OG DAGLEG LEIAR

ROALD BYBERG SKAL VERA VIKAR HOS OSS

Fram til jul kjem Roald Byberg til å vera vikar for soknepresten vår, May Brit M. Arnø. Han går inn i 50% av stillinga som May Brit til vanleg har.

Me er glade for at Roald vil vera med oss. Roald har lang erfaring som prest. Han blei ordinert i 1975, og har arbeida som misjonær i Kamerun i 15 år, vore misjonskonsulent i Stavanger Bispedømme, og vore prest i Bogafjell/Figgjo og på Ogna. Roald er oppteken av møte mellom menneske, og dette er noko han gjerne vil bruka tid på. Ta gjerne kontakt med Roald om du kjenner det hadde vore godt med ein fortruleg samtale.

AUKA RESSURS FOR DIAKONANE

I fjar fekk vårt fellesråd auka ressursen til diakoni med 50%, og denne auka skal vera retta mot barn og unge. Framover kjem Praxedes Slettebø til å vera den diakonen som har hovudansvaret for det diakonale arbeidet til kyrkja på Lye, i Time og på Undheim.

SMITTEVERN I KYRKJA

Samfunnet er i ferd med å opna seg, og me kan driva kyrkje litt meir slik me gjorde før pandemien.

Dette gjeld framleis:

- Dei som kjem må registrerast.
- Det skal vera 1 meters avstand mellom ulike husstandar.
- Hald deg heime om du er sjuk.
- Hald god handhygiene.

MEDARBEIDARFEST

29.10.2021

Vi gler oss til å samlast til
Medarbeiderfest

29.10.2021 kl. 19.00. Noter datoen.

Påmelding opnar 29.09.

Alle som har vore, er, eller kan tenka
seg å bli frivillig medarbeidar i kyrkja
sitt arbeid er velkomne. Du er
sjølvsagt velkommen om det er
helsa di som gjer at du ikkje
kan vera aktiv i ei
teneste.

Karen Taksdal

eldst på Undheim

Tekst og foto: Steinar Sandvik

«Begynn i det små,
så skal du det
store nå»

har vore og er Karen Taksdal
sitt livsmotto.

Karen Taksdal har sett seg godt til rette i godstolen, og ho fortel levande om eit langt liv. Ho vart fødd 31. oktober 1921 på Tunheim, foreldra var Gurina og Kristoffer Tjensvoll som dreiv gard.

SER MOT HAVET

Ho snur seg i stolen og vender blikket mot havet og siterer frå slektingen Lars Tjensvoll «Med ryggstø traust mot fjellet du oss gav. Det frie utsyn mot det blåe hav».

Slik har eg det her på Håklepp.

– Det har vakse til meir og meir no, utsikta er ikkje som før, men enno kan vi sjå til havet der vest, smiler Karen og minnest dagar med hardt arbeid og i teneste for andre.

I TENESTE

– Eg var vel rundt 17 år då eg var i teneste på Arrestad, hos Petter Olsen. Det var ein umåteleg god plass å arbeide. Opp klokka 6 og ein arbeidsdag til klokka 19, 13 timer. Men eg likte det godt. Her fekk eg mat og seng, og 25 kroner månaden i lønn.

Heime på garden på Tunheim måtte også barna ta sin tørn. Og dei hadde ikkje lang veg til skulen på Tunheim.

– I langfri sprang vi heim og år middag før det var ei ny økt i klasserommet, mimrar Karen.



Karen Taksdal har alltid vore takksam og glad med ei positiv innstilling. 31. oktober rundar ho 100 år.

KJØPTE HÅKLEPP

Karen vart i 1945 gift med Torstein Taksdal frå Taksdal. I 1946-47 kjøpte dei garden Håklepp frå Sem Kanaheien.

– Torstein ville helst ha noko for seg sjølv, og slik vart det. Vi hadde ikkje så mykje å rutte med, men vi hadde ikkje heilt tomme hender. Og her bur eg enno, smiler ho og legg til. – Her har eg rydda og her har eg bygd, og her vil eg bu.

– Jorda var berre handgraven, så her måtte vi dyrka alt på nytt. Vi var unge og hadde pågangsmot. Det var ikkje maskinar då, så arbeidet vart gjort med handemakt.

Dei gamle husa fylgte garden. Karen fortel at det var ikkje isolasjon i veggane som no. Det var tynne veggar og kalde vintrar.

– Men vi hadde mykje gode klede av ull, og då var det berre å kle på seg for å halde kulden ute. Og så måtte vi bere inn vatn.

FØDDE I GAMLEHUSET

Tre av barna, Solveig, Terje og Kåre var fødde i det gamle huset, berre yngstemann Geir var fødd i det nye huset.

Sjølv om det var mykje og krevjande arbeid, ser Karen tilbake med stor glede. Det var likevel eit stort sakn då mannen Torstein fekk kreft og døydde berre 60 år gammal, i 1976. Då tok Terje over garden. Også han fekk kreft og døydde i 2009. No står yngste son Geir som eigar av garden, men ein nabo forpaktar jorda.

HØGDEHOPP

Men det har ikkje berre vore arbeid og slit opp gjennom åra for Karen. Ho var aktiv i idrett.

– Eg var tynn og lang og ganske spretten. Då ungdomslaget skulle vere med på idrettsstemne skulle eg hoppe høgde. Eg var vel 14-15 år gammal, smiler Karen og røper at ho gjekk heilt til topps. Etter det ho hugsar hoppa ho litt over 1,2 meter. Men sko til å hoppe med hadde ho ikkje, så ho måtte låne besteskoa til ein bror.

GODT HANDLAG

Seinare sydde ho den nye fana til Undheim Idrettslag. Ho var også med i eit lag som kalla seg Sarepas krukke. Dei hadde basar og fekk inn pengar som dei delte ut til gode føremål.

Karen var også svært flittig med handarbeid, både strikking, hekling, broderi og spesielle veggteppe

som vart sydde frå vranga med ei heilt spesiell nål – noko som pryder stova på Håklepp.

FARGE PÅ MATEN

– Vi vaks opp med god gammal husmannskost: Byggmjøl, havremjøl og sur mjølk, og sursild. Det var ikkje mykje brus då, smiler Karen som i dag får tilsendt mat frå Kleppheimen. Det er berre å setje maten i mikroen, så blir maten varm på ei lita stund. Det er god mat, men eg har bytta ut det meste av kaffien med velsmakane havresuppe, seier Karen. Dessutan liker ho godt å ha litt farge på maten.

– Maten smaker så mykje betre når vi også kan ete med augene, smiler Karen.

KJØpte BIL

Karen fortel at då mannen Torstein døydde kjøpte ho bil og fekk førarkort som 56-åring. Førarprøva bestod ho md glans.

– Det kom vel med for mange som eg skyssa rundt. Først då eg var 95 år sa eg frå meg førarkortet, smiler Karen og fortel at ho alltid har hatt eit lyst sinn.

POSITIV

– Var eg sur for noko, varte det aldri lenge. Sjølv om eg nærmar meg 100 legg eg vekt på ei positiv innstilling. Barna kjem på besøk. Eg har alt eg treng og er fornøgd, avsluttar Karen Taksdal.



*Slik var husa på Håklepp då Karen og Torstein Taksdal kjøpte garden i 1946-47.
Her vart dei tre eldste barna fødde. (Måleri etter eit foto)*

GOD START FOR UKUF

**UNGDOMSARBEIDAR ELINE FOSSE HÅPER AT
MANGE UNGDOMMAR FINN VEGEN TIL UKUF
I HAUST.**

Steinar Sandvik - tekst

Første UKUF-samling etter ferien var laurdag 21. august. Då møtte 15 ungdommar opp.

– Veldig kjekt at så mange ungdommar kom, seier ungdomsarbeidar Eline Fosse. – Klarer vi å samle mellom 15 og 20 ungdommar på samlingane annankvar laurdag, er eg godt fornøgd.

Eline fortel at ho har godt mot ved starten på eit nytt semester og ser fram til å møte mange av ungdommane i bygda. Kanskje vil også ungdommar frå andre deler av kommunen stikke innom på samlingane. Det er iallfall praktisk mogeleg sidan vi har samlingar på ulike dagar.

SAMARBEID

– På leiarplan har vi eit godt samarbeid mellom ungdomslaga i Bryne, Undheim og på Lye, og vi har ein felles visjon for alle tre ungdomslaga «Nåde – Håp – Hensikt», seier Eline.

I tillegg til samlingar annankvar laurdag i oddetalsveker vert det open kjellar i kyrkja kvar torsdag frå klokka 17.00 – 19.30.

– Eg ser fram til å bli betre kjend med ungdommane i bygda, seier Eline som også dette året skal vere med i konfirmantarbeidet i samarbeid med Lye og Undheim.

TRENG VAKSNE

– Har du spesielle ønske for arbeidet i UKUF?

– Ja, det har eg, smiler Eline. – Eg håper at nokon vaksne ønskjer å bidra i arbeidet. Det kan vere litt arbeid på kjøkkenet, men også nokon som kan vere aktiv i det sosiale saman med ungdommane. Å få inn ein eller fleire slike personar hadde vore ypparleg.



Inger Eikeland, frå venstre og Helle Risa har kioskteneste i UKUF-samlinga. (Foto: Eline Fosse)



*God samtale rundt bordet.
Frå venstre Thea Haugen og Beate Rasmussen.
Med ryggen til frå venstre Jarle Gregersen og
Kornelia Gauksås. (Foto: Eline Fosse)*

PROGRAMMET FOR HAUSTEN

2. oktober	Bingokveld
16. oktober	Filmkveld
30. oktober	Quiz
13. november	??
27. november	Spillkveld
11. desember	Juleavslutning

KONFIRMANTAR I UNDHEIM KYRKJE

SØNDAG 5. SEPTEMBER 2021



Frå venstre

Prest Roald Byberg, Belinda Sele Bore, Bjørg Undheim Rosland, Jesper Undheim Kartevoll, Nils Martin Gjellassen Sikveland, Adrian Selbak, Eskil Tjåland, Gabriel Undheim, Trym Nathaniel Undheim, Even Undheim Vestly, Malin Vold, Mona Wallentinsen og kateket Ingfrid Time Nærland. (Foto: Steinar Sandvik)


Du vet vel om at du er verdifull?
At du er viktig her og nå
At du er elsket for din egen skyld.
For ingen andre er som deg.

Det er så mange mennesker som ønsker å snakke om at du bør være slik og slik.
Gud Fader selv, han aksepterer deg uansett.
Og det kan du stole på.

Du passer inn i selve skapelsen
Det fins en oppgave for deg.
Men du er fri til å gjøre hva du vil med den,
si ja eller nei.
Du vet vel om at du er verdifull?
At du er viktig her og nå.
At du er elsket for din egen skyld
For ingen andre er som deg

Ingemar Olsson

Kirkens SOS trenger *flere* frivillige!



Innføringskurs starter i februar og september
Mer info på FB og kirkens-sos.no/rogaland

"Kirkens SOS er for meg et raust rom, åpent for alle - alltid.
En møteplass hvor livets realiteter føles og tas imot
uten krav til en rett fra eller et riktig levd liv."

 KIRKENES SOS
ROGALAND

THERESE ODDANE

ARBEIDER MED ULL

NABOENE KAN OFTE SE GARN I ALLE REGNBUENS FARGER HENGENDE TIL TØRK PÅ TERRASSEN HOS THERESE OG GISLE ODDANE I OLSTEINVEGEN 1 PÅ UNDHEIM.

Tekst og foto: Hanne Nordbrønd

- Jeg okkuperer alt, sier Therese med et smil. Hun avslører fort at alle kriker og kroker i huset er blitt «ull-lager» etter at interessen for ull tok av for fullt.

Therese vokste opp på Klepp, men flyttet til Undheim da hun fant kjærligheten. Hun og mannen Gisle har bodd flere steder på Undheim. Først leide de på Little Undheim, og så bodde de en periode i Sarabakken. I 2019 overtok de Gisle sitt barndomshjem i Olsteinvegen. Der bor de sammen med guttene Adrian (11) og Trygg (7) og hunden Gulla (11mnd).

LÆRTE SPINNING - Interessen for ull begynte da jeg traff Gisle. Han hadde to lama da vi traff hverandre, og vi synes det var kjekt å kunne bruke ulla til noe. Først leverte vi det inn til ei på Lye,



Therese Oddane med et utvalg av håndspunnet garn.

senere lærte jeg å spinne selv, og så har det bare ballet på seg.

- Vi har ikke lama lenger, de er på en besøksgård i Skien. Nå får jeg ull fra gavmilde bønder i nærmiljøet. Jeg har fått ull fra blant andre Norodd Sikveland på Sikvaland, Torill Undheim Stokka på Little Undheim, Gjermund Undheim på Nordhus og Siv Elise Seland på Seland.
- Når jeg sier jeg vil prøve en ullfell, får jeg fort en sek med 3-11 feller oppi, så lageret er stort.

- Jeg sorterer og renser ullen først, vasker den, legger den til tørk før jeg bearbeider den. Jeg bruker garnet jeg spinner til strikking, vev og billedvev. Jeg har også en liten vev som jeg lager skjerf og putetrekk på. Og så hekler jeg, men det går mest i strikking.
- En periode var jeg veldig glad i å spinne inn

Garn av 50/50 alpakka/silke, et veldig glansfullt og mykt garn. Det er spunnet på en måte for å gjøre det tykt og tynt, med litt lokker fra mohair-geiter i. Deretter er det tvunnet med en tynn glittertråd for å få en bølgete effekt, som vi kaller spiralgarn.

perler, da fikk plaggene et helt eget preg. Jeg er også veldig glad i glitter, og spinner ofte inn en glittertråd i garnet.

EGET BRUK - Det jeg lager er stort sett til eget bruk, ikke for salg. Det er en veldig lang prosess fra ubehandla ull til ferdig produkt, og det ville blitt for dyrt å ta timebetalt. Derfor koser jeg meg bare med å lage til eget bruk, for det er jysla Jillt, sier Therese med et smil.
- Etter at jeg ble syk har hobbyen min med ull vært en god ting å bruke hode på. Jeg har Bekhterevs sykdom, som er en revmatsisk lidelse, og går derfor hjemme. Da er det godt å ha noe å gjøre så jeg slipper å fokusere på det vonde. Mye løser seg med å tenke positivt.



Sjal i håndspunnet garn på lufting, de blir mye brukt.

Treffene forteller Therese at det er fokus på sosialt samvær og å hjelpe hverandre med håndarbeidet.

- Planen for høsten er å starte opp med et tema for hver gang, hvor de som er interessert kan komme for å lære noe nytt, forteller hun.

SPINNETREFF - 1 til 2 ganger i året reiser jeg på spinnetreff. Da samles vi rundt 50 stykker på et hotell hvor det er foredrag, kurs og mye sosialt. Vi får undervisning i forskjellige tema, som bomull, silke, eller luksusfiber som kamel, alpakka og moskus. Der får vi også prøve oss på nye teknikker. En hel helg med spinning og spøting; det er veldig kjekt.

- Første gang jeg meldte meg på spinnetreff reiste



Garn fra SandnesGarn som er farget på kjøkkenet i Olsteinvegen.

- I adventstida er vi syv damer rundt i Norge som sender adventskalender til hverandre. Vi lager 24 pakker hver, og sender fire pakker til seks forskjellige damer. I hver pakke er det ferdig behandlet ull klar til spinning. Ullen er i forskjellige farger og av ulike typer fiber (f eks ull, silke, alpakka, mohair). Jeg spinner innholdet i pakkene med den teknikken jeg ønsker, og har laget tre sjal.



Til venstre, midt i bildet er det ull som begynner å bli klart til spinning, og det midt i er ferdig kardet. Det er villsau fra Sikvaland. Garnet er håndspunnet ull fra lokale sauher. Den fargede fiberfletten er alpakka, som er kammet til en tops, klar til spinning. Den har Therese farget selv.

LEDER SPINNEGGRUPPE

Husflidslaget har til vanlig treff en gang i måneden i 1900-huset på Bryne. Laget har ulike grupper, blant annet vevgruppe, strikking og hekling, og en spinnegruppe hvor Therese er leder. På disse

jeg alene. Jeg hadde sommerfugler i magen og var veldig spent. Det tok heldigvis ikke lang tid før jeg ble kjent med noen. Jeg fikk en venninne fra Nord-Norge, og vi har på de siste treffene reist bort noen dager i forveien for å ha noen ekstra dager sammen. Det er så kjekt med disse treffene, for vi har alltid noe å snakke om. Vi trenger ikke snakke om alder, yrke eller utdanning, for alle har samme interessen. Dette er ei helg med bare fjoll og fjas og kos.

- Under korona har vi hatt digitalt treff. Under et av disse treffene var det ei dame som sa: «Det er så deilig å treffen normale folk igjen». Folk må jo tro vi er helt galne som danser av ull, men det er så kjekt å ha noen å snakke med som har samme interesse som en selv, sier Therese og ler.

Therese legger sporadisk ut bilder av arbeidet sitt på instagram kontoen @thereseodd.



Noen av sjalene Therese Oddane har strikket i håndspunnet garn. Mønstrene er kjøpt på www.ravelry.com, strikkernes Facebook.



Genseren er strikket i strikket av garn spunnet på en måte for å bevare luft. Dette garnet isolerer godt og holder ekstra godt på varmen. Den grå fargen kommer fra en sau på Sikvaland. Den hvite kommer fra Litla Undheim. Lokkene i bærestykket er fra en Teeswater-sau.



Håndspunnet alpakkagarn, laget fra Siv Elise Sæland sine alpakka. Her er alt fra rensing av ull, karding, spinning, tvinning og vasking gjort av Therese Oddane.

40 ÅR MED KNUDAHEI- MARSJ

LEIF HØYLAND (78) VART TIDLEG
GRIPEN AV TURMARSJAR.
I 1982 STOD HAN I SPISSEN
FOR DEN ALLER FØRSTE
KNUDAHEIMARSJEN.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Men no er det slutt for min del,
40 år er nok, seier Leif Høyland.

– Eg håper at marsjen held fram.
Men det får leiinga i idrettslaget
avgjere.

JUBILEUM

Søndag 22. august var det klart for Knudaheimars
nummer 40, også dette året med Høyland som
primus motor. Men han er snar å leggje til at også
andre har stått på. Ein av dei er Ingmar Birkeland
som har vore ansvarleg i sekretariatet sidan starten.

– Eg hadde 10-12 marsjar på samvitet før den
første Knudaheimarsjen. Det gav meirsmak, og eg
spurde om styret i Undheim idrettslag kunne stå
som arrangør av ein turmarsj her i bygda. Det var
lett å få gehør i styret med Jan Erik Gundersen som
styreleiar. Vi måtte berre gå vidare med planane.

ULIKE LØYPER

Høyland fortel at Terje Taksdal var godt kjend i
området. Han var til stor hjelp til å finne høvelege
løyper.

Frå starten var det tre løyper. Den kortaste var frå
skulen til Snorrestad og vidare langs Fårevatnet til
Håla og tilbake til skulen (11 km). Langløypagjekk
også til Snorrestad vidare til Lauvlia og Skogen, ned
Urådalen, gjennom Sælandsskogen over planken
tilbake til skulen (22 km). Den tredje løypa var
berekna på dei som trilla barnevogn frå skulen til
Snorrestad og tilbake same vegen. Seinare kom
det ei fjerde løype til Mærlia og tilbake (5 km).

Høyland fortel at det i nokre år var friluftsgudsteneste
i Knudaheio. Den siste friluftsgudstenesta var på
Snorrestad.



Leif Høyland (til høgre) og Ingmar Birkeland har sendt ut mange turgårar i områda rundt Undheim. No har dei passert 40 turar.

REKORD FRÅ 1983

– Eg har gått alle 40 marsjane på Undheim, ein gong var eg i Roma, men også det året gjekk eg marsjen. 10 personar frå bygda har gått alle 40 marsjane., fortel Høyland.

– Det andre året med Knudaheimarsj (1983) var det 1250 deltakarar. Den rekorden står framleis. I fjor var vi nede i 140 deltakarar. Då var det ekstra gildt at det tok seg opp dette året med 205 deltakarar, seier Høyland.

I starten var det stor oppslutning, men det har dabba av.

Forts. neste side



Frå eitt av dei første åra. Leif Høyland til høgre.
Ved sida av sit Pål Undheim. (Privat foto)

24.531 KILOMETER

Leif Høyland og fleire i familien gjekk turmarsjar, ofte både to og tre i veka i ein periode. Når han reknar med marsjen 22. august har han gått 2130 turmarsjar.

– Eg reknar med at det skal bli 5 – 6 marsjar til før sesongen er over, smiler Høyland og legg til at det enkelte år var mellom 125 og 130 marsjar. I snitt har det vore vel 50 marsjar i året. No har han passert 24.531 kilometer på turmarsjar. Det årlege gjennomsnittet ligg godt over 600 kilometer.

– Å gå turmarsj har gitt med mange og gode opplevelingar. Eg har fått besøkje plassar eg aldri hadde kome til, både her i landet og i utlandet, avsluttar Leif Høyland.

KONTAKTINFO:


Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690



Her kan Leif Høyland dokumentere både talet på turar og kor mange kilometer han har gått.



Slaget ved Nesjar var et slag mellom Olav Haraldsson (Olav den hellige) og allierte norske stormenn under ledelse av jarlen Svein Håkonsson. Slaget fant sted palmesøndag 25. mars 1016 ved Mølen og Værvågen utenfor Helgeroa i Brunlanes, Larvik.



Svein jarl oppgis å ha hatt 45 skip med 3000 mann under sin kommando, mens Olav hadde 30 skip og ca 2000 mann. I slaget seiret Olav Haraldsson over en rekke av de mektigste norske daværende høvdingene, Svein Håkonsson, Erling Skjalgsson og Einar Tambarskjelve. Med denne seieren tok Olav Haraldsson et viktig steg i prosessen mot kristningen og samlingen av Norge. Svein jarl flyktet utenlands og døde kort tid senere. Skalden Sigvat Tordsson var til stede og forfattet Nesjarvisene kort tid etter slaget. I Sigvats dikt nevnes en ukedag for første gang i norsk historie. Slaget skjedde palmesøndag til tross for at kirkelederne på den tiden mente at fyrstene skulle innstille krigføringen på kirkens festdager.

Historikerne er uenige om utstrekningen av sagatidens Nesjar. Slaget antas å ha stått i det sørvestre hjørnet av Brunlanes.
Kilde: Wikipedia

Monumentet står i Helgeroa, avduket i 2016 til minne om slaget ved Nesjar i 1016. (Foto: Laila Undheim)

NYE MEDHJELPARAR I SØNDAGSSKULEN

DET ER EIN OPPGLØDD
SØNDAGSSKULELEIAR SOM KAN MELDE OM
FLEIRE NYE MEDARBEIDARAR.

Steinar Sandvik - tekst

– Fleire av dei trufaste medleiarane i Søndagsskulen har valt å gå ut av ei årelang tenste. Dei har gjort ein viktig jobb, og vi takkar for innsatsen, seier søndagsskuleleiari Jakob Aardal.

To vaksenleiarar stod att, Jakob og Tage Emil Good. Men også ungdommane Pauline Tveiten, Mikal Marinius Aardal og Inger Eikeland held fram som leiarar i haust.

– Kva gjer vi no? Var spørsmålet Jakob stilte seg. Han kalla inn til eit møte midt i august, samstundes banka han på dørene til aktuelle kandidatar.

GODT LAG

– Utfordringa førte til fleire positive svar. Eg var både glad og oppglødd. No har ei god gruppe med villige medarbeidrarar, seier Jakob som verkeleg ser fram til søndagsskulesamlingane ut over hausten.

I tillegg til Jakob Aardal er desse med som medarbeidrarar i søndagsskulen: Tage Emil Good,



Jakob Aardal får hjelp av Andreas Sanne, Olivia Høiland og Johanna Høiland til å åpne skattekista. Her låg m.a. hagereiskap som var tips til dagens tema; Edens hage. (privat foto)

Kjellaug Wold, Linda Marie Undheim, Linn Cecilie Høyland, Hanna Tveiten i tillegg til Asle Risa og Gunn Siri Risa.

TAKKSAM

– No kan vi bygge gode team der nokre har ansvar for praktiske oppgåver og andre som tek seg av møtedelen. Dette har vi både drøymt og bedt om, seier ein takksam Jakob Aardal.

Gudstenestene startar klokka 10.30. Då er både barn og voksne velkomne. Først i gudstenesta er det innslag for barna. Klokka 11.00 kan barn som ønskjer å vere med på søndagsskule, gå ned i kjellaren. Barn kan også kome direkte til søndagsskulen klokka 11.00

Dataar for søndagsskule hausten 2021 er 19. september, 17. oktober, 31. oktober og 14. november.

Første søndagsskule etter sommarferien var 22. august med godt frammøte – vel 20 barn.



Barna kom fram og fylte hagen med allslags dyr, fisk og fugl. Sist kom Hanna Sanne fram og sette på plass Eva. (privat foto)

GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

19. september. Presentasjon av konfirmantane. Nattverd. Søndagsskule
3. oktober – Gudsteneste for store og små. Dåp. Haus takkefest. 2-åringar og barnehagen.
17. oktober. Dåp. Søndagsskule.
31. oktober. Nattverd. Søndagsskule.
14. november. Dåp. Søndagsskule.
28. november. Gudsteneste for store og små. Dåp. Barnebibel til 4-åringane
12. desember. Me syng jula inn kl. 14.00
24. desember. kl. 14.30
26. desember. Nattverd.

HANDARBEIDSTREFF

Måndagar:

27. september i kyrkjekjellaren
25. oktober i samfunnshuset
22. november i kyrkjekjellaren
14. desember i samfunnshuset
Kl 20.00 – 22.30

LAUST OG FAST

Komitén må nå seie frå seg ansvaret for Laust og fast. Me veit ikkje ennå kva som skjer vidare, om der er andre som vil ta over dette arbeidet, eller om det må leggast ned.

Komitén fortener stor takk for den flotte jobben dei har gjort gjennom lang tid!

FASTE AKTIVITETAR FOR BARN HAUSTEN 2021

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix innehold korøving med andakt og hobbyaktivitet i kjellaren til slutt.

Dato: Tysdagar i oddetalsveker:
28.9., 26.10., 9.11., 23.11. og 7.12.
Tid: Kl. 17.00- 18.00
Stad: Undheim kyrkje
Alder: Frå 4 år og oppover

UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.

Dato: Tysdagar i partalsveker:
21.9., 5.10., 19.10., 2.11., 16.11. og 30.11.
Tid: Kl. 19.00 – 20.00
Stad: Frammøte på Undheim skule
Alder: 4. klasse og oppover

SØNDAGSSKULEN

Dataar: 19.09., 17.10., 31.10., 14.11.
Velkommen til søndagsskule kl. 11.00. Mogleg for store og små først å koma til gudsteneste som startar kl. 10.30.

OPEN KJELLAR

Clubb for gutter og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

Dato: Fredagane 1.10., 22.10., 12.11. og 10.12.
Tid: Kl. 19.00 – 21.00
Stad: Undheim kyrkje
Alder: 5. – 7. klasse



SØNDAGSSKOLEN NORGE

har sett musikk til sentrale bibelvers og laga supersetningssanger. På YouTube kan du søke opp Bibelbeat og finne desse og mange fleire bevegelsessanger.

GOD FORNØYELSE!



BABYSONG

Me har babysong i kyrkjesalen om lag annakvar onsdag (oddetalsveker)

DATOAR I HAUST:

- 29. september
- 27. oktober
- 10. november
- 24. november
- 8. desember

TRUSOPPLÆRING PÅ UNDHEIM HAUSTEN 2021

HAUSTTAKKEFEST

2-åringane på Undheim vert inviterte til hausttakkefesten på gudstenesta i Undheim kyrkje søndag 3. oktober kl 10.30. Dei vil få utdelt ein fin CD med kjekke og gode songar.

PLAN-B - AKTIVITETSDAG FOR 7-ÅRINGAR

12. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl. 08.00-15.00. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.

Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut.

Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!

LYS VAKEN

Alle som går på 5. trinn vert inviterte til Lys vaken med overnatting i kyrkja. Etter overnattinga avsluttar me med å delta på gudstenesta på søndagen.. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga!

Time og Undheim: 20.-21. november i Time kyrkje. Invitasjonar vert sende ut.

FIREÅRSKLUBB

Alle 4-åringane er velkomne til å vere med på fireårsklubb. Me vil ha tre samlingar på ettermiddagar og avsluttar med gudsteneste med utdeling av barnebibel.

Invitasjonar vert sende ut.

Datoar: 11. november 18. november,
25. november

Gudsteneste med utdeling av barnebibel:
28. november i Undheim kyrkje kl. 10.30.

BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

FACBOOK

Følg gjerne «Trusopplæringa i Time og Undheim» på Facebook for info om det som skjer i trusopplæringa.



Døypte i Undheimkyrkja

27. juni - 25. juli - 22. august



*Lucas Emil
Acebuche Engelsvoll*



Frits Haugstad Undheim



*Carsten
Undheim Hellstrøm*



Kasper Ulvik Alsåker



Kai Berge Igelkjøn

*DET SKJER ET UNDER I
VERDEN, HVER GANG
ET BARN BLIR TIL,
OVER DET GRYENDE LIVET
LYSER GUDS SKAPERSMIL.
INGEN PÅ JORDEN ER
HIMLEN SÅ NÆR SOM
BARNET HAN TAR
I SIN FAVN.*
NORSK SALMEBOK 591



Alf Pedersen



*Mathias Severin
Rimestad Tjålland*



*Oskar Cornelis
Undheim Verbaan*



Magnus Nærland



Viktor Bø Svindland

BARNAS SIDE

Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)




Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 <i>Dikt og oppmuntringer</i>	UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		
TOM REE MASKIN	Høiland & Tveit BetonEntrepreneur	
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	
 Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS